



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.
15/1336

Vår ref.
15/7555 - HAA

Dato
25.01.2016

Høyring – framlegg til endringar i industrikonsesjonslova

Justis- og beredskapsdepartementet viser til brev 9. november 2015 frå Olje- og energidepartementet.

Gjeldande § 37 i industrikonsesjonslova omhandlar tilfelle der reglane om erverv av eigedomsrett eller annan råderett over vassfall òg gjeld for erverv av andre selskapsdelar enn dei som er omfatta av § 36. Framlegget til nytt andre ledd gjeld derimot tilfelle der erverv av bestemte selskapsdelar krev særskilt konsesjon frå departementet. Framlegget til nytt § 37 andre ledd bør såleis heller takast inn som ein eigen paragraf, typisk som ny § 37 a.

I § 37 fyrste ledd er det vist til andre selskap «enn de som omfattes av § 36». Sidan det no blir føreslått ei særregulering for ansvarlege selskap, er ikkje lengre denne ordlyden dekkjande. Dersom framlegget til § 37 andre ledd blir teke inn som ny § 37 a, kan det i § 37 fyrste ledd visast til §§ 36 og 37 a.

Ordlyden i framlegget til § 37 andre ledd fyrste punktum har fått ei noko uheldig utforming. Vi tilrår at føresegna til dømes kan lyde:

«Det kreves konsesjon fra departementet for erverv av andel i ansvarlige selskaper som direkte eller indirekte innehar rettigheter det kreves konsesjon eller vedtak etter loven her for å kunne erverve.»

Det er uklart for oss om framlegget til § 37 andre ledd andre punktum seier noko meir enn det som elles følger av § 2 fyrste ledd andre punktum. Om det ikkje gjer det, kan

føresegna i andre punktum takast ut. I framlegget til tredje punktum bør ordet «grunnkravene» i alle tilfelle takast ut.

Det bør klargjerast direkte i ordlyden i lova kva for vilkår eit selskap må oppfylle for å få konsesjon, og om det skal liggje føre eit rettskrav på konsesjon dersom vilkåra er oppfylte. Vidare må det klargjerast i lova om unntaket frå teieplikt skal gjelde all lovfesta teieplikt generelt, eller berre teieplikt etter bestemte reglar.

Framlegget til § 37 andre ledd femte punktum bør takast ut. I staden bør det gå fram av lova kva for føresegner i § 36 som skal gjelde ved erverv av delar i ansvarlege selskap.

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar